



# Kommuneplanens samfunnsdel

## Ulvik herad 2025



Ulvik  
herad

*Perla i Hardanger*

Diskusjons- og høyringsutkast

# Innhold

|      |                                                  |    |
|------|--------------------------------------------------|----|
| 1.   | Invitasjon til diskusjon om samfunnsdelen        | 4  |
| 2.   | Overordna føringar                               | 6  |
| 2.1. | Nasjonale forventningar til planlegginga         | 7  |
| 2.2. | Regionale føringar                               | 7  |
| 3.   | Utviklingstrekk og perspektiv for Ulvik framover | 8  |
| 4.   | Visjon og hovudmål                               | 16 |
| 5.   | Hovudprioriteringar i kommunestyreperioden       | 18 |
| 5.1. | Gode oppvekstvilkår                              | 19 |
| 5.2. | Bustad- og sentrumsutvikling                     | 20 |
| 5.3. | Utvikle og dyrke Ulviks særpreg                  | 21 |
| 6.   | Arealstrategiar                                  | 23 |









# 1. Invitasjon til diskusjon om samfunnsdelen



Kommuneplanens samfunnsdel er heradet sin viktigaste overordna plan. Samfunnsdelen skal leggjast til grunn for anna planarbeid, økonomiplanen og heradet sitt arbeid som tenesteytar, forvaltar og samfunnsutviklar.

Eit nytt heradsstyre skal etter valet ta stilling til endringar i samfunnsdelen på bakgrunn av heradet sin situasjon og utviklingstrekk, nasjonale og regionale føringar og den politikken heradsstyret ønskjer å føra i kommunestyreperioden. Heradsstyret har på bakgrunn av eit kunnskapsgrunnlag drøfta seg fram til utkast til visjon og hovudmål for utviklinga av Ulvik herad og satsingsområde som skal ha prioritet i valperioden.

Dette vert no lagt ut til diskusjon og offentleg ettersyn. Heradsstyret vil etter høyring og diskusjon ta stilling til innspela og gjera endringar i planutkastet fram mot vedtak våren 2025.

Det er viktig å hugsa på at kommuneplanens samfunnsdel er ein overordna plan, og at det vert gjeve innspel på om det er ein god visjon og overordna mål som er føreslått for Ulvik, og om prioriteringane for kommunestyreperioden og arealstrategiane gjev dei rette føringane for utviklinga av Ulvik herad. Det er viktig å hugsa på at ei prioritering for kommunestyreperioden ikkje treng å bety friske pengar, men at ein skjermar noko frå nedskjering eller at ein vidarefører og satsar på allereie igangsett arbeid.

Utkastet til samfunnsdel byggjer også på nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga 2023-2027 og Utviklingsplan for Vestland 2024-2028.



## 2. Overordna føringar





## 2.1. Nasjonale forventningar til planlegginga

Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging blir vedtekne ved kongeleg resolusjon kvart valår, og skal leggjast til grunn for planlegginga i fylkeskommunar og kommunar den komande valperioden.

I dei nye forventningane peikar regjeringa på at Noreg har gode føresetnader for å nå mange av berekraftsmåla innan 2030. Me har likevel utfordringar med å nå måla om reduserte klimagassutslepp, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av naturmangfald og mindre ulikskap. Planlegginga skal bidra til å fremja berekraftig utvikling. I forventningane vert det vektlagt:

- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap




## 2.2. Regionale føringar

Utviklingsplanen gjer greie for dei viktigaste regionale utviklingstrekk i Vestland. Den slår fast kva som er prioriterte satsingsområde og mål for samfunnsutviklinga i planperioden og kva strategiar ein skal nytta for å nå måla. Utviklingsplanen har fire satsingsområde:

- Velferd og verdiskaping: Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn.
- Demografi og likeverd: Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket
- Klima og natur: I Vestland er klima og natur ein premiss for samfunnsutviklinga
- Samarbeid: Vestland når sine mål gjennom samarbeid og samordning



# 3. **U**tviklingstrekk og perspektiv for Ulvik fremover






Gjennom utarbeidinga av planprogram og planstrategi har heradet utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som har vore grunnlag for heradsstyret si drøfting av kommuneplanens samfunnsdel. Her vert det gjeve ei oppsummering av situasjon og utviklingstrekk for Ulvik herad. Meir utdjupande informasjon og kjeldetilvising er å finna i kunnskapsgrunnlaget.

## Befolkningsutvikling

Per 1.1.2025 budde det 1100 personar i Ulvik herad. Dei første åra fram mot 2027 viser befolkningsframskrivingane ei lita nedgang i folketalet. Dette skuldast ein auke i talet på eldre over 80 år, som fører til fleire dødsfall enn fødslar. I hovudalternativet for befolkningsutviklinga fram mot 2040 viser framskrivingane derimot eit meir stabilt folketal. Årsaka er at lågare utflytting blant unge og auke i talet på eldre fører til at folketalet stabiliserer seg. Ulvik har hatt ein nedgang i tal eldre frå 2010 til 2020, etter 2020 har det vore ei auke i talet på eldre, og denne trenden er venta å forsterkast i åra som kjem.



## Bustader

Ulvik herad har ein bustadmarknad prega av eit einseitig tilbod, der einebustader på gardar og kommunale bustadfelt dominerer. Til tross for nokre tilgjengelege tomter for både einebustader og tomannsbustader, er det eit avgrensa utval av leilegheiter og få bustader til sals. Dette gjer det vanskeleg å møta etterspurnaden frå både unge, arbeidskraft og eldre.

Eit særleg behov er tilpassa bustader for eldre, då mange ønskjer å bu heime så lenge som mogleg. Mange av dei eksisterande bustadane er ikkje aldersvennlege, noko som kan bli ei utfordring ettersom befolkninga blir eldre. Samtidig er det eit aukande behov for bustader som passar sesongarbeidarar, men desse er i liten grad tilgjengelege.

Ulvik står også ovanfor ei auke i etterspurnaden etter bustader for flyktningar og andre grupper som har spesifikke behov. For å møta desse utfordringane er det viktig å utvikla ein meir heilskapleg bustadpolitikk som kan sikra eit variert tilbod for alle samfunnsgrupper.



## Næringsliv og sysselsetting

Ulvik herad har ein variert næringsstruktur som i stor grad er prega av landbruk, turisme og småbedrifter. Naturen var sjølve grunnlaget for busetnad her. Den fruktbare jorda og det milde klimaet gjer Ulvik til eit attraktivt område for matproduksjon. Landbruket har utvikla seg frå mangfald med frukt og ulike beitedyr, til meir effektive driftsformer med særleg satsing på epleproduksjon og sauehald. Ulvik har og gartneri og skulemiljø innan hagebruk.

Turismen er ein annan sentral næring i Ulvik og bygda har hatt ein vekst i både nasjonal og internasjonal turisme i meir enn 150 år. Denne utviklinga har ført til fleire overnattingsmoglegheiter og eit auka behov for lokale tenester som restaurantar, butikkar og kulturtilbod. Ulvik har difor eit høgare servicetilbod enn innbyggartalet tilseier. Turismen har også skapt arbeidsplassar, både sesongbaserte og faste, og verdiskaping. Næringsstatistikk frå SSB viser at kjernenæringane i reiselivet, målt i tal sysselsette, til saman utgjer dei viktigaste næringane i heradet.



Ulvik har òg lange tradisjonar innan småskala industri og serviceverksemd. Her har det vore utskifting dei siste åra, der verksemdar med lange tradisjonar har lagt ned medan nye bedrifter innanfor handverk, bygg- og anleggsbransjen har kome til. Etablering av nye selskap innan digitale tenester og kreative næringar har bidratt til endring i lokale arbeidsplassar og diversifisering av næringslivet.

På den andre sida er det utfordringar knytt til rekruttering og arbeidskraft. Det er eit behov for å sikra at det finst eigna bustader og infrastrukturelle tilpassingar for å møte næringslivet sitt behov for arbeidskraft, spesielt sesongarbeidarar innan landbruk og turisme. Ulvik har potensiale for vidare næringsutvikling gjennom eit breiare spekter av næringar, og det blir arbeidd aktivt for å leggja til rette for nye næringar.

## Utdanning

Ifølge SSB per 2023 (tabell 09429) har 42,4% av befolkninga i Ulvik herad over 16 år fullført vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå, 23,2% har kort høgare utdanning (1–3 år), og 9,2% har lang høgare utdanning (4 år eller meir).

Desse tala indikerer at ein vesentleg del av befolkninga i Ulvik har fullført vidaregåande skule, samanlikna med nasjonale tal for fullført vidaregåande skule som er 35,9%. Samanlikna med nasjonale tal for høgare utdanning, der 25,4% av befolkninga har kort høgare utdanning og 12% lang høgare utdanning, ligg Ulvik noko under landsgjennomsnittet. Det er viktig å merka seg at Ulvik er eit lite herad, noko som kan føra til større variasjonar i statistikken.



## Folkehelse

Når det gjeld oppvekst og levekår, er ungdom i Ulvik generelt nøgde med foreldra sine og brukar fritidsklubben aktivt. Likevel bur fleire barn i hushaldningar med låg inntekt og tronge buforhold, samt at fleire unge i heradet ikkje fullfører vidaregåande skule. Ungdata-undersøkingar viser også at det er utfordringar knytt til trivsel på skulen, skjermtid, mobbing og søvnvanar blant barn, og at ungdom viser tendens til høgare rusbruk enn landsgjennomsnittet.

Ulvik har gode miljøforhold med høg kvalitet på drikkevatn, rein luft og låg støybelastning. Samstundes er det eit behov for fleire lågterskeltilbod for ungdom og betre tilrettelegging for fysisk aktivitet, spesielt i sentrum på Brakanes.

I folkehelsearbeidet er det styrka innsats for å førebygga overvekt og rusbruk. Det er viktig å merka seg at det har vore ein nedgang i hjarte- og karsjukdommar, og heradet har god vaksinasjonsdekning. Utfordringar knytt til rusbruk blant ungdom og auka førekomst av overvekt og fedme blant unge er likevel område som krev vidare oppfølging.



## Natur og arealbruk

Arealbruken i Ulvik er prega av ein kombinasjon av landbruk, bustader og naturvern. Ulvik er ein landbrukskommune med mykje jordbruksareal, særleg for beite og landbruksdrift. Gardsbruk og tradisjonelt landbruk dominerer landskapet, samtidig som det er noko areal som vert nytta til bygdeutvikling, spesielt rundt sentrum og i nærleiken av eksisterande infrastruktur.

Utviklinga i arealbruken viser ein tendens til meir spreidd busetnad, samstundes som det er behov for å tilpassa arealbruken til ein vekst i befolkninga, spesielt i form av nye bustader og infrastruktur. Det er nokre ubygde tomter som kan utnyttast til bustadbygging, men det er også utfordringar knytt til å finna areal som kan byggast ut utan å forringa verdifulle natur- og jordbruksområde.

Det er ei pågåande regulering av sentrum i Brakanes, der det vert lagt til rette for vidare utvikling av bustader, næringsareal og infrastruktur. Planlegginga tek omsyn til behovet for å oppretthalda eit godt og funksjonelt sentrum, samtidig som den naturlege omgivnaden vert verna.

Det er ei langsiktig utfordring å balansera arealutnytting med vern av naturområde og grøntområde, samt å sikra god tilgang til areal for næringsutvikling og bustadbygging.



## Tenesteyting, beredskap og økonomi i heradet

### Oppvekst


Oppvekstområdet i Ulvik er avgjerande for barn og unge si utvikling, trivsel og moglegheiter. Ein trygg og stimulerande oppvekst omfattar kvalitet på utdanning, helse- og sosiale tenester, fritidsaktivitetar og godt samarbeid mellom heim, skule og lokalsamfunn. Oppvekst står ovanfor ei tid prega av omfattande endringar og utviklingstrekk som er med på å forma opplæringa mot framtida.

Undersøkingar syner at unge i Ulvik har utfordringar knytt til trivsel på skulen og at dei ikkje er nøgde med læringskulturen på skulen. På fritida brukar dei unge mykje tid framfor skjerm og dei søv mindre enn det som er tilrådd for aldersgruppa. Fleire kjenner seg mobba på digitale flater.

Undersøkingar syner ein tendens til at unge i Ulvik har høgare rusbruk enn gjennomsnittet. Ein har i seinare tid sett ei auke i tal born og elevar som vegrar seg for å møta i barnehage og skule. Fleire born og unge syner teikn til psykisk uhelse.

Oppvekst lokalt og nasjonalt har utfordringar med å rekruttera pedagogisk personale med rett kompetanse. Denne utfordringa ser ut til å auka fram i tid og kan føra til at born og unge ikkje får den opplæringa dei har krav på.

Skulen har hatt hyppig skifte og ustabilitet i leiinga, og den manglande kontinuiteten har gitt utslag i at langsiktige utviklingsplanar og strategiar har blitt avbrotne, skapt uro i organisasjonen og den kontinuerlege utviklinga har blitt hindra.



### Helse og velferd

Eininga dekker eit breitt spekter av tenester til befolkninga i Ulvik gjennom heile livsløpet. Tenesteytinga er organisert som kombinasjon av lokale tenester, kjøp frå private aktørar og interkommunalt samarbeid. Eininga har slitt med kostnadsauke, auka krav og auke i forventningar til tenester over tid. Demografisk utvikling nasjonalt skaper utfordringar som får konsekvensar lokalt. Press på tenester, konkurranse i arbeidsmarknaden, krav til samhandling, oppgåveoverføring og auka forventningar til kva heradet skal løyse, og ein strammare økonomi. Det er per i dag ikkje planlagt auke i tenestenivået i helse og velferd, og me veit at behovet vil auka i framtida, særleg for eldre med behov for pleie og omsorg.

Utan auke i tenestenivå vil heradet måtta jobba annleis og prioritera hardare ved tildeling av tenester og i tenesteytinga generelt, og ein er avhengig av å ha førebyggjande tenester no som kan bidra til å redusera behovet på lang sikt. Tenestene i helse og velferd er sårbare for personellmangel, særleg for tenestekområde med spesialisert kompetanse og berre ein eller svært få stillingar. Me har eit godt samarbeid med naboane våre, noko som bidreg til å redusera denne sårbarheita. Me må vera førebudd på at det kan bli krevjande å rekruttera til viktige stillingar og naudsynt kompetanse. Potensiell personellmangel og kompetansemangel er våre største beredskapsutfordringar.



## Samfunn og plan

Kommunal tenesteyting innan samfunn og plan vert stadig meir kompleks. Nye teknologiske system og utstyr gjer at den digitale og tekniske kompetansen på drift må aukast.

Innan forvaltning er KI på full fart inn, utan at ein er heilt «klar» for det pr. i dag. På ganske kort sikt vil truleg KI overta fleire av forvaltningsoppgåvene Samfunn og plan utfører i dag. Tenesteyting, som ikkje er gebyrfinansiert, vert utfordra framover sidan behovet innan andre lovpålagte tenester vil krevja større del av dei frie inntektene heradet har.

Sjølv om tenestene er gode, er forventningsgapet utfordrande for samfunn og plan. Dette gapet er aukande, men ein må truleg justera standarden ned på ein del tenester.

## Stab

Staben er ei sentral støttetjeneste for organisasjonen og bidreg til å sikra kvalitet og effektivitet i tenestene til innbyggjarane. Dei siste åra har vore prega av omfattande digitalisering. Arkiv, sakssystem og fagsystem er moderniserte og overført til skybaserte løysingar. Heile pc-parken er oppdatert, møterom og heradsstyresalen er digitaliserte, og heradsstyremøta blir no sende via Kommune-TV. Det er innført nye system for økonomi, personal, internkontroll og rapportering.

Kompetanseheving er eit satsingsområde, med jamleg opplæring for leiarar, tillitsvalde og verneombod. Medarbeidarundersøkingar blir følgt opp med verktøyet «10-faktor», som støttar både trivsel og organisasjonsutvikling. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er ein viktig arena for samarbeid og drøfting av saker innan arbeidsmiljø og førebygging.

Staben har leia arbeidet med revisjon og utvikling av planar innan personal, HMT, beredskap, kultur og næring. Det er òg blitt meir informasjon og fleire tenester tilgjengeleg digitalt for innbyggjarane. Ulvik har eit aktivt kulturliv og skårar høgt på kulturmålingar. Biblioteket, kinoen, kulturskulen og dagsturhytta er viktige tilbod, og fleire prosjekt er gjennomført dei siste åra. Staben behandlar også søknader til næringsfond og kulturmidlar. Næringsarbeidet er styrkt gjennom turistkontoret og næringssjefen, med fokus på lokal utvikling og Cittaslow-satsing.

Ulvik herad har som mål å levera gode og lovpålagde tenester med dei ressursane som er tilgjengelege, og staben spelar ei nøkkelrolle i å støtta organisasjonen i dette arbeidet.

## Beredskap

Dei siste åra, frå 2020, har forventningane og omfanget av beredskapsarbeidet i kommunane auka kraftig. Dette på bakgrunn av koronapandemi, krig i Ukraina, auke i flyktningstraumen til Noreg, pga. krigen i Ukraina, auke i digitale angrep, auke i hybride truslar og ein tryggleikspolitisk utrygg situasjon.



Stadig våtare klima gjer at nye kommunaltekniske anlegg må utformast meir robust framover i samsvar med nye krav. Dette gjeld og med tanke på anna tryggleik, sidan til dømes eit terrorangrep på til dømes vassverket vil råka store delar av befolkninga i heradet. Arealplanarbeid er alt vorte meir omfattande, og er blitt ein viktig del av beredskapen mot uønskte hendingar.

Innan beredskapsområdet, så er høgjellet og Finse særleg utfordrande. Vy/Bane Nor har toglinje i høgjellet i Ulvik herad, med mange togpasseringar dagleg. Finse stasjon har ikkje vore betjent dei siste åra, og dette er noko heradet har teke opp med staten, då togtrafikken i seg sjølv utgjer ein stor risiko, både mtp brann i tog eller tunnel, togstans, m.v. i kombinasjon med høg fjellsutfordringar som uvær og kulde. Finse ligg langt frå tettstaden Ulvik, og ein kan berre koma til Finse og høg fjellsområda via tog, snøscooter eller til fots/på ski. Finse er dessutan ein attraktiv destinasjon for både vinterturistar og syklende på Rallarvegen, og med to store overnattingsstader er det til tider stor pågang av reisande. Dei fleste av desse kjem med tog.

Det har vore arbeidd mykje med beredskap i Ulvik herad dei siste åra, både operativt, opplæringsmessig, utstyrsmessig og planmessig. Det er ei stor utfordring å få løyst alle oppgåvene innan beredskapsfeltet då det har vore ei stor auke i forventningane frå statleg hald, i tal møter, plankrav og løpande innmeldingar. Med dagens ressursar til beredskapsarbeid er det vanskeleg å møte dei auka forventningane til beredskapsarbeidet.

## Økonomi

Ulvik herad står ovanfor økonomiske utfordringar som følgje av eit tenestenivå som er høgare enn dei økonomiske rammene tilseier. Dette har resultert i budsjettoverskridingar fleire år på rad, særleg grunna høgare lønsvekst enn budsjettert og manglande kompensasjon for løns- og prisvekst etter pandemien. Som eit lite herad er Ulvik sårbar for enkeltutgifter innan helse og barnevern, noko som har ført til betydeleg bruk av oppsparte midlar. Ved inngangen til 2025 er disposisjonsfondet langt under målet om 10 % av brutto inntekter. I tillegg kjem pensjonskostnader knytt til premieavvik på 18,8 millionar kroner, som må dekkast over dei neste sju åra.

Dette inneber at ikkje-lovpålagte og ikkje-gebyrfinansierte tenester i større grad må vurderast opp mot andre lovpålagte oppgåver, som helse. Samstundes har fleire gebyrfinansierte tenester – som plan og byggesak – for lågt gebyrnivå dersom ein skal dekkja kostnadane fullt ut (sjølvkost). Klimaendringar gir auka kostnader til t.d. ras- og flaumsikring, vedlikehald og tilpassing til nye EU-krav innan bygg og infrastruktur.

Trass utfordringane står Ulvik sterkare enn mange samanliknbare kommunar. Heradet har vore tidleg ute på fleire område og har ein sprek eldre generasjon, noko som døyver effekten av eldrebølgja. Ulvik er òg ein kraftkommune med inntekter frå naturressursar, og heradet eig kraftrettar tilsvarande tre gongar det lokale straumforbruket. Kraftsal gjennom auksjon har gitt stabile inntekter, og det ligg eit potensial for auka inntekter dersom kraftkrevjande industri etablerer seg i heradet. Framover vil økonomiplanen leggja opp til sparing, hard prioritering og gradvis oppbygging av fond, men også satsing på utvikling av bygda. Ulvik har framleis ein økonomi som gir rom for gode tenester og framtidsretta satsingar.



## Heradet som organisasjon

Demografiske endringar og økonomisk taktskifte krev nødvendige tilpassingar og omstillingar. Tenestetilbodet må vidareutviklast for å sikra at vi alltid utnyttar det økonomiske handlingsrommet me har. Dette inneber klare prioriteringar frå politikarane, samt eigarskap og forankring i organisasjonen, der alle som utfører tenestene har eit felles ansvar.

Heradet si rolle og arbeidsmetodar er i endring. Brukarmedverknad, innbyggjardialog og samarbeid skal vera grunnlaget for både samfunnsutviklinga og utviklinga av tenestetilbodet. Tillit skal byggjast gjennom openheit, god informasjon og vilje til å lytta.

Ulvik herad samarbeider tett med fleire nabokommunar, som Voss, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Bergen og fleire. Me kjøper òg tenester frå eksterne leverandørar på område der me manglar kompetanse eller har ledige stillingar. Slike samarbeid og eksterne innkjøp er nødvendige, særleg når me er for små til å oppretta heile stillingar. Samstundes inneber det eit kompetansetap å ikkje løysa oppgåvene sjølve, og dei siste åra har det vore eit mål å gjeninnføra tenester me bør og skal handtera internt. Dette styrkjer vår eigen kompetanse, aukar sysselsetjinga og busetnaden, og skaper positive ringverknader. Ved å ha nærleik til tenestene får me betre kvalitet og oppleving for våre innbyggjarar. I åra som kjem, vil samarbeid framleis stå på agendaen, men gjerne i form av felles tenester på tvers av kommunar, der fleire kommunar går saman om å drifte spesifikke oppgåver eller tenester.

I 2018/2019 gjennomførte kommunedirektøren si leiargruppe eit internt leiarutviklingsprogram, der me blant anna utvikla felles verdiane for leiargruppa.

Desse verdiane er:



**Stolt – Profesjonell – Open – Raus**



Dette inneber at me skal vera stolte av å jobba for Ulvik herad, oppretthalda høg profesjonell standard i møte med både innbyggjarar, politikarar og kollegaer, vera opne med omsyn til innsyn og transparens, og utvisa rausheit i samhandling med kvarandre, innbyggjarane og i vårt arbeid. Me skal alltid strekka oss langt for å kunna seia «ja» når det er mogleg.

# 4. **V**isjon og hovudmål





## «Unike Ulvik – ei bygd med flotte opplevingar, sterke fellesskap og gode tenester»

I Ulvik jobbar me for å skapa eit lokalsamfunn prega av vår særeigne natur og kultur, der innbyggjarane har tilgang til kvalitetsrike tenester og eit fellesskap som gir rom for både vekst og opplevingar. Ulvik skal vera ein stad der lokal identitet, kultur og historie blir verdsett og dyrka. Ved å bygga på desse verdiane, og henta inspirasjon frå Cittaslow-rørsla, skal både næring og kultur utviklast på ein måte som fremjar langsiktig berekraft og livskvalitet.

Fellesskapet i Ulvik er solid, med mange lag og organisasjonar i høve til folketalet. Mange er engasjerte i frivillig arbeid, og det er avgjerande at me samarbeider og ser verdien i mangfaldet og engasjementet. Som herad skal me leggja til rette for at frivilligheita får moglegheita til å bidra, og me skal samarbeida med dei som er engasjerte på ulike område.

Skule, barnehage og helsetenester skal ha eit felles ansvar for innbyggjarane. Tverrfagleg samarbeid er nøkkelen for å jobba betre saman for å fremja oppvekst og bygdeomsorg. Beredskap i praksis er òg ein viktig del av dette arbeidet.

Ulvik skal vera eit inkluderande samfunn der mangfald er i fokus. Tenestene skal vera tilstrekkelege, og me skal tilpassa oss eit nivå me kan levera på. For å kunna tilby gode kommunale tenester er me avhengige av eit tett samarbeid med bygda. Bygdeomsorga er ein essensiell del av dette. For å lykkast må me ha eit sterkt fellesskap som jobbar saman for å oppnå eit godt nivå på tenestene me leverer.

# 5. **H**ovudprioriteringar i kommunestyreperioden





## 5.1. Gode oppvekstvilkår

Ulvik herad har som mål å skapa eit trygt og inkluderande miljø for alle barn og unge, der dei kan utvikla seg og trivast i eit stimulerande fellesskap. Det skal vera særleg fokus på førebygging og tidleg innsats for å hindra utanforskap. For å oppnå dette, er det viktig med samarbeid på tvers av sektorar som barnehage, skule, helse- og velferdstenester og lokalsamfunn. Me skal sjå innbyggjarane i eit livsperspektiv, og me må prioritera framtidsretta og langsiktig.

Kvaliteten på barnehage- og skuletilbodet er høgt prioritert, og opplæringa skal tilpassast for å møte ulike behov. Kompetanseheving blant tilsette er avgjerande for eit trygt og læringsfremjande miljø. Eit variert og inkluderande kultur- og fritidstilbod skal gje barn og unge moglegheit til å delta i aktivitetar som interesserer dei, både organiserte og uorganiserte.

Tverrfagleg samarbeid er viktig for tidleg innsats for barn og familiar som treng ekstra støtte. Inkludering og mangfald i skule, barnehage og fritid er sentralt, og me vil arbeida aktivt mot mobbing og diskriminering, samtidig som me fremjar kulturforståing og respekt for ulikskap. Me skal også tilby lågterskeltilbod, møteplassar og gratis utlån av utstyr for aktivitetar. Frivillige organisasjonar vil bli involvert i planlegging og gjennomføring. For å tiltrekka barnefamiliar, skal me utvikla eit variert bustadtilbod og gode kommunale tenester.

Rekruttering av kvalifisert arbeidskraft innan oppvekstsektoren er ein prioritet, og me skal sikra gode arbeidsvilkår og konkurransedyktige lønsvilkår. I tillegg er førebygging av radikaliserings viktig, med fokus på kritisk tenking og digitale ferdigheiter.

Gjennom kvalitetsfokus, inkludering og variert aktivitet vil me skapa eit miljø der barn og unge i Ulvik kan utvikla seg og trivast, og samstundes gjera heradet attraktiv for både tilflyttarar og arbeidskraft.

### Ulvik herad skal:

- ✓ Tiltrekka og behalda nødvendig arbeidskraft og kompetanse, og utarbeida kompetanseplan
- ✓ Samarbeida med frivilligheita for å tilby organiserte og uorganiserte fritidsaktivitetar
- ✓ Utgreia og bygga ny barnehage
- ✓ Jobba med førebygging og tidleg innsats for å hindra utanforskap
- ✓ Ha god oppfølging av familiar som har behov for støtte
- ✓ Styrka samarbeidet mellom heim og oppvekst
- ✓ Jobba for eit inkluderande læringsmiljø i oppvekstsektoren
- ✓ Vidareutvikla tverrfaglege team, samarbeid mellom einingar i heradet og eksterne
- ✓ Vidareutvikla godt leiarskap i oppvekstsektoren
- ✓ Utarbeida oppvekstplan

## 5.2. Bustad- og sentrumsutvikling

I arbeidet med å utvikla eit attraktivt lokalsamfunn er det viktig å prioritera ei heilskapleg og gjennomtenkt utvikling av sentrum. Ei godt planlagt sentrumsutvikling kan auka attraktiviteten og livskvaliteten for innbyggjarane. Fokuset skal vera på variert bustadbygging som kan dekkja ulike behov, slik at ein kan tiltrekka seg ei breiare gruppe menneske, frå unge familiar til eldre. Dette vil styrka sentrum som både eit sosialt og økonomisk knutepunkt, og bidra til eit meir dynamisk og levande miljø.

I tillegg til bustadbygging er det viktig å utvikla gode møteplassar og grøne område som kan fungera som rekreasjonsområde for både fastbuande og tilflyttarar. Grøne areal og møteplassar fremjar fellesskap og trivsel, og gir folk moglegheit til å samlast på tvers av generasjonar og bakgrunnar.

Eit mangfald av bustadar, både til eige og leige, gir folk moglegheit til å finna ein bustad som passar deira livssituasjon. Det er viktig at ein også satsar på bustader for dei som treng sosial støtte, slik at alle får moglegheit til ein trygg og stabil oppvekst og livssituasjon. I dette arbeidet skal heradet aktivt jobba for å sikra tilrettelegging for låginntektsgrupper og personar med spesielle behov. Heradet skal jobba for at det ikkje er personar utan bustad i Ulvik, og strategi for bustadsosialt arbeid skal inngå i bustadpolitisk plan.

Vidare bør sentrum ta i bruk eksisterande bygningar på ein meir effektiv måte. Ved å rehabilitera tomme og ubrukte bygningar kan ein gje sentrum nytt liv og formål, samtidig som det er ein kostnadseffektiv måte å utvikla området på. Aktiv handheving av regelverk knytt til bruken av tomme bygningar kan bidra til å utnytta potensialet som ligg i eksisterande strukturar.

Gjennom å prioritera variert bustadbygging og gode møteplassar, kan heradet leggja grunnlaget for eit trygt, inkluderande og framtidsretta lokalsamfunn. Dette vil ikkje berre gjera området attraktivt for både innbyggjarar og tilflyttarar, men òg skapa eit samfunn der folk trivest og utviklar seg saman.

### Ulvik herad skal:

- ♥ Legga til rette for variert bustadmasse og fleire leilegheiter i sentrum
- ♥ Arbeida for å auka bustadmassen gjennom realisering av planlagde bustadprosjekt
- ♥ Ta ei aktiv rolle i høve til bustadstiftinga som utleigeaktør
- ♥ Samarbeida med utbyggjarar og andre aktørar
- ♥ Gjennomføra prioriterte tiltak i sentrumsplanen trinnvis
- ♥ Utvikla offentlege møteplassar i sentrum i tråd med sentrumsplanen
- ♥ Utarbeida bustadpolitisk plan



## 5.3. Utvikle og dyrke Ulviks særpreg

Ulvik herad er tufta på storslått natur frå fjordlandskap til høgfjell. Saman med ei rik historie gjer dette oss unike og attraktive. Utviklinga framover må vera tufta på det særeigne som gjer oss interessante for både innbyggjarar, tilflyttarar og besøkande. Ulvik har vore eige herad sidan 1891 då det var skilt ut frå Granvin. I samband med siste kommunereform har Ulvik framleis bestått som eige herad.

Bygdesenteret inst i Hardangerfjorden ligg som ein landsby rundt «Ulvikapollen» og rommar det meste av busetnad og tenestetilbod. Frivilligheita er sentral i lokalsamfunnet og dei mange laga og organisasjonane skapar aktivitet, samhald og fellesskap for alle aldersgrupper. Heradet skal vera ein god støttespelar for frivilligheita slik at dei kan bidra til det gode livet i bygda.

Landbruk, reiseliv og utdanning innan hagebruk har lange tradisjonar og er ein viktig del av identiteten til Ulvik. Desse næringane spelar ei viktig rolle både i økonomien og i kulturarven. Lokale fruktbønder var først ute med kommersiell siderproduksjon, noko som no utgjør ein viktig del av produksjonen på fleire av gardane. Samstundes er dei attraktive tilbod for reiselivet.

Samarbeidet mellom næringslivet og heradet vil vera avgjerande for å utnytta potensialet og skapa nye rom for vekst og innovasjon. Ulvik skal vera eit herad som etablerarar og gründerar ønskjer å etablere seg i, og som ein kjenner seg velkomne i.

Den nærleiken til naturen som innbyggjarane set stor pris på, gjev gode moglegheiter for vidareutvikling for friluftsliv og naturbasert reiseliv. Me har fleire verneområde som er attraktive for både turistar og lokalbefolkning. Samstundes må me vera bevisste på naturforvaltning og ivareta den urørte naturen og utvikla kulturlandskapet på ein berekraftig måte. God reisemålsleiing og besøksforvaltning blir viktig for ei balansert utvikling i åra som kjem. Det er òg viktig å sikra fundamentet for landbruket med areal som gjev grunnlag for matproduksjon, samstundes som me legg til rette for nyskaping og utvikling.



Ulvik har vore ein del av det internasjonale Cittaslow-nettverket sidan 2015. Auka merksemd og tiltak knytt til mellom anna klima, miljø, overturisme og lokalmat har gjort Cittaslow stadig meir relevant. Cittaslow legg vekt på å verna om småsamfunn og skapa levande, berekraftige lokalsamfunn der trivsel, lokalkultur og naturopplevingar står i sentrum. Rørsla fremjar ein livsstil som tek omsyn til miljøet og oppmodar til å ta det med ro og nyta det lokale.

Kommunar som vel å bli ein del av Cittaslow, forpliktar seg til å arbeida med mellom anna berekraftig utvikling, fremja lokale produsentar, og sikra gode vilkår for livskvalitet og fellesskap. Cittaslow-verdiane ligg til grunn for den vidare utviklinga av Ulvikbygda.



### Ulvik herad skal:

- ✓ Prioritera arbeidet med Cittaslow
- ✓ Tydeleggjera profilen og særpreget til Ulvik
- ✓ Vidareutvikla tradisjonelle næringar i kombinasjon med reiseliv i tråd med overordna strategiplan for reiseliv
- ✓ Samarbeida med og støtta eksisterande næringsliv
- ✓ Rullera strategisk næringsplan
- ✓ Bruka lokale fortrinn inn mot etablering av næringsaktivitet
- ✓ Prioritera lokale leverandørar der det er mogleg innanfor gjeldande regelverk
- ✓ Legga til rette for nyetableringar og utvikling av det lokale næringslivet
- ✓ Legga til rette for fjernarbeidsplassar i tråd med regional satsing
- ✓ Oppretthalda og vidareutvikla den rikholdige kulturhistoria, mellom anna Ulvik som skulestad
- ✓ Vera ein god støttespelar for frivilligheita
- ✓ Legga til rette for aktiv bruk av naturen i samband med folkehelse, friluftsliv og reiseliv



# 6. **A**realstrategiar



Arealstrategiane i samfunnsdelen gir samfunnsmessige føringar for vidare arealplanlegging i Ulvik herad ut frå heradet sin visjon, overordna mål og satsingar for valperioden. Arealstrategiane tek ikkje opp all arealbruk i heradet, men prioriterte tema som følgjer av føringar i samfunnsdelen som kan understøtta oppfølginga av vedtekne arealplanar eller gje «bestillingar» til vidare planlegging. Arealstrategiane er ikkje rettsleg bindande.

For Ulvik herad gjeld følgjande overordna prinsipp for arealbruk:

- Natur- og friluftsverdiar knytt til fjord-, skog- og fjellområde i Ulvik skal ivaretakast og omsynet til villrein skal vektleggast i aktuelle område
- Ulvik herad vidarefører eit kompakt utbyggingsmønster, der utvikling i og av sentrum vil ha hovudfokus
- Bustadutbygging i Ulvik skal i hovudsak skje ved variert bustadbygging i sentrum og regulerte bustadfelt
- Spreidd bustadbygging i Ulvik skal vera knytt til eksisterande busetnad
- Ulvik herad vidarefører ein restriktiv hyttepolitikk i høgfjellet
- Dyrka og dyrkbar jord i Ulvik bør bevarast for matproduksjon
- Kulturlandskapet i Ulvik er viktig for matproduksjon, identitet, reiseliv og biologisk mangfald og skal forvaltast aktivt
- Strandsona i Ulvik skal vera tilgjengeleg for friluftsliv, rekreasjon og naturopplevingar
- Tilrettelegging for gåande og syklande

Sentrale tema å følgja opp ved revisjon av kommuneplanens arealdel på bakgrunn av føringar og prioriteringar i kommuneplanens samfunnsdel:

- Revurdera tidlegare vedtatt, ikkje-realisert, arealbruk på bakgrunn av dagens kunnskap og føringar
- Vurdera behov for å kanalisera ferdsle
- Sikra rom for vekst og innovasjon for nye næringar
- Arealdelen skal vurdera arealbruk i sjø
- Klimatilpassing

